



Vinje-senteret

DØLEN – Våren 2019



Aasmund Olavsson Vinje gav mellom 1858 og 1870 ut 270 nummer av Dølen. Bladet forma både den nynorske skriftkulturen og den moderne norske journalistikken. Med dette meldingsbladet fører Vinje-senteret tradisjonen vidare.

Kristian W. Rantala, dagleg leiar

Ansv. redaktør:
Per Magnus F. Sandsmark
Redaktør: Kristian W. Rantala
Utgivar: Nynorsk kultursentrum
Utgiving: 1/2018. Opplag: 4 000
Trykkeri: Erik Tanche Nilsen AS
Framsida:
Stein Torleif Bjella
Foto: Signe F. Luksengard
Eirik Ingebrigtsen
Foto: Ståle Felberg
Tone Sofie Aglen
Foto: Glen Musk



Billettinfo: Vinjesenteret.no

Tlf. 410 17 255
Vinjesenteret.no

Innhald

No byrjar ombygginga	s. 3
Kulturprogram vinteren og våren 2019	s. 4
Litteraturdagane i Vinje 23.–25. august 2019	s. 6
Vinje-senteret i Bokåret	s. 7
Nye tekstar om A.O. Vinje på Vinjesenteret.no	s. 8
Ledig stilling som museums- og festivalsekretær	s. 9
Utstillingsarbeidet er i gang	s. 10
Handlenett.no	s. 11

No byrjar ombygginga

Tidlegare Vinje skule blir bygd om til Vinje-senteret for diktning og journalistikk i 2019 og 2020. Bygget skal romme utstilling, eit nytt arrangementsrom til film og foredrag, butikk og kontor. På ni dagar i desember 2019 tok politikarar på alle nivå avgjerdene



Foto: Hille Strandskogen Arkitekter

som gjorde byggjestart mogleg. Fylkestinget i Telemark var først ute. Den 5. desember vedtok dei å løyve 2 millionar til Vinje-senteret. Litt over 21.00 måndag 10. desember løyvde eit samrøystes storting 8,4 millionar kroner. Dette gjorde at Vinje kommunestyre på Luciadagen vedtok å byrje byggjeprojektet i 2019. Om- og utbygginga har ein totalkostnad på 31 millionar kroner.

Bygget opnar i 2020 og utstillinga i 2021 dersom Nynorsk kultursentrum får auka løyvingar til innhald i senteret

Å skrive om krig

Fredag 22. februar kl. 19.00

Vinje bryggeri, kr 150

I romanen *Kvit bok mørk vinter* har Eirik Ingebrigtsen skrive om ein 14-åring og korleis han opplever såra etter krigen i Kosovo. Erlend Kaasa skriv i romanen *Livius* om krig med utgangspunkt i ein soldat. Saman med samtaleleiar Kjersti Rørgemoen utforskar dei kva krig er i røynda og i romanen.



Foto: Ståle Felberg

Grunnsteinsnedlegging

Laurdag 6. april kl. 19.00

Vinjar, fri inngang

201 år etter at Aasmund Olavsson Vinje blei fødd blir grunnsteinen for det som skal bli Vinje-senteret for journalistikk og diktning lagd ned. Nynorsk kultursentrum og Vinje kommune inviterer til talar, grunnsteinsnedlegging og heilt sikkert ei overrasking eller to.



Foto: Hille Strandskogen arkitekter

Stein Torleif Bjella: Heim for å døy

Fredag 22. februar kl. 21.00

Vinje bryggeri, kr 350

Bli med på ei reise gjennom eit musikalsk landskap fullt av motbakkar og store djup, overhengande melankoli og underliggande komikk, små kriser og monumentale viser med songlyrikaren og kvardagsfilosofen Stein Torleif Bjella. Arr: Vinje Bryggeri og Vinje-senteret



Foto: Signe Fuglestad Luksengard

Distriktpolitikk i rikspressa

Laurdag 6. april kl. 19.30

Vinjar, kr 150

Hausten 2019 er det kommune- og fylkestingsval. Korleis arbeider journalistane i rikspressa med dette? Bryr eigentleg kommentatorane seg om distriktpolitikk? Politisk redaktør i Adresseavisen Tone Sofie Aglen møter den tidlegare NRK-programleiaren og journalisten Bjørn Bø til samtale.



Foto: Glen Musk

Litteraturdagane i Vinje 23.–25. august 2019

Rekordmange 2 139 gjester besøkte 31 arrangement under Litteraturdagane i Vinje i 2018. Publikumsundersøkinga syner at gjestene var nøgde, og gjerne kjem att. Det er eit godt utgangspunkt for å planleggje den 19. utgåva av den eldste litteraturfestivalen i



Foto: Sunniva L. Osdal

Telemark. Som i 2019 blir det arrangement i Edland, Vinje, Åmot og Rauland.

Nynorsk kultursentrum, programrådet og medlemslaget er i gang med å planleggje festivalen i 2019. Følg Litteraturdagane i Vinje på Facebook og Litteraturdagane.no for programslepp utover våren.

Programrådet i 2019 er Odd Nordstoga, Kjersti Rorgemoen, Stein Versto, Hanna Malene Lindberg og Kristian W. Rantala. Dei tek gjerne i mot innspel til programpostar på admin@vinjesenteret.no.

Vinje-senteret i Bokåret 2019

Det er 500 år sidan dei første norske bøkene blei trykte. I 2019 feirar heile Noreg Bokåret 2019. Vinje-senteret er hovudarenaen for Nynorsk kultursentrum si feiring av vers og forteljingar. Under Litteraturdagane feirar

Den norske kyrkja og Nynorsk kultursentrum at det er 150 år sidan dei første nynorsk-salmane blei trykte.

Vinje-senteret lagar si første temautstilling i 2019, som blir vist til hausten ein gong. Det blir òg fleire arrangement for barn og vaksne i Vinje og i resten av landet i regi av Vinje-senteret for diktning og journalistikk.

Følg med på Vinjesenteret.no.



Den dag kjem aldri

Det finaste diktet Aina Basso visste om som tenåring var “Den dag kjem aldri” av A.O. Vinje. Korleis kan eit 150 år gamalt dikt fange kampen om og lengselen etter den utilgjengelege kjærleiken for ei hovudstups forelska tenåringsjente på nittitalet? Les heile teksten og mange fleire på Vinjesenteret.no



Foto: Tove K. Breistein

Den stridsynte

Om du veit éin ting om Aasmund Olavsson Vinje, då veit du dette: Han var tvisynt. Han var så tvisynt at det er eit under at han greidde å setje den eine foten framfor den andre når han var ute på littera-tur, skriv målmann og journalist Jens Kihl. Les heile teksten og mange fleire på Vinjesenteret.no



Foto: Erik Waatland

Ledig stilling som museums- og festivalsekretær

Her er høvet for deg som vil vere med å skape ein ny kulturinstitusjon i Vest-Telemark! Dette er ei heil fast stilling som gjennomfører Litteraturdagane i Vinje, kulturprogrammet til Vinjesenteret og Nynorsk kultursentrum sine prosjekt i Bokåret 2019. Til stillinga ligg sekretær- og salsoppgåver for Vinjesenteret for dikting og journalistikk.

Som eit ledd i opptrappinga mot full drift av Vinjesenteret for dikting og journalistikk opprettar Nynorsk kultursentrum 1. mars 2019 stillinga som museums- og festivalsekretær. Den som blir tilsett kjem til å arbeide tett i lag med dagleg leiar for Vinjesenteret og frivillige lag og enkeltpersonar for å skape ein ny kulturinstitusjon i Telemark. Søknadsfrist 14. januar 2019. Sjø heile utlysinga på Vinjesenteret.no



Frå Litteraturdagane i Vinje 2018

Foto: Sumniva Lund Osdal/Nynorsk kultursentrum

Utstillingsarbeidet er i gang

Vinje-senteret skal bli ein nasjonal institusjon for dikting og journalistikk. Den faste utstillinga skal inspirere til lesing og auke forståinga for ytringsfridom, kjeldekritikk og kunst i fortida, samtida og framtida. Utstillinga skal vere engasjerande for både barn og




Foto: Nynorsk kultursentrum

vaksne. Utgangspunktet er forfattarskapa og journalistikkgjerninga til Aasmund Olavsson Vinje, Halldis Moren Vesaas, Tarjei Vesaas og Aslaug Vaa.

I utstillingsgruppa sit dagleg leiar Kristian W. Rantala, av tidlegare Aftenposten-redaktør Harald Stanghelle, engelsk- og norsklektor Ingrid Sponheim, Vinje- og Fløgstad-forskar Kristian Lødemel Sandberg, historikar Sigrun Høgetveit Berg og museumsdirektør Per Magnus F. Sandmark. Dei presenterer utstillingsplanen til styret i Nynorsk kultursentrum 15. november 2019.

Stort utval i nynorske varer på Handlenett.no



Handlenett.no er nettbutikken til Nynorsk kultursentrum
Her finn du nynorske varer frå Ivar Aasen-tunet, Olav H. Hauge-sentet og Vinje-senteret.
Klikk innom for ein hyggjeleg handel!

Støttespelarar:



Kulturdepartementet



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



Vinje-senteret

Vinjevegen 192, 3890 Vinje, tlf. 410 17 255
admin@vinjesenteret.no

Med atterhald om endringar.

Vinjesenteret.no